



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa

Informasjon for tilsette i kommunar og fylkeskommunen

Innholdsliste

Innleiing	2
Førebuingar til vidaregåande opplæring	3
Førebuingar for elevane i ungdomsskolen	4
Elevar med individuelle behov	6
Minoritetsspråklege elevar	7
Førebuingar til elevane og foreldra i ungdomsskolen	8
Tiltak for rådgivarar, lærarar, PPT og hjelpeinstansar	8
Oppstart i vidaregåande opplæring	9
Deling av informasjon	10
Kommunedialog – samarbeid mellom kommunane og fylkeskommune	12

Innleiing

I samband med den nye opplæringslova, som vart gjeldande frå 1. august 2024, har fylkeskommunen og kommunane fått eit utvida ansvar for å gjere overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa så god som mogleg for elevane.

Statistikk og erfaring viser at god tilrettelegging for overgang er viktig for deltaking og gjennomføring. Fylkeskommunen og kommunane skal rettleie elevane til å ta bevisste val om vidaregåande opplæring, og trygge dei på ein ny kvardag.

Overgangsarbeidet inneber god informasjon til elevane og foreldra, tett oppfølging og samarbeid mellom heim og skole, og individuell og tett oppfølging for dei som har behov for det.

Fylkeskommunen og kommunane har mange samarbeidspartar som deltek i overgangsarbeidet. For eksempel foreldre, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), barnevern, Bufetat, helsesjukepleiar, politiet, samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak i kommunane (SLT) og arbeidslivet.

Her er lover, rutinar, aktivitetar og tiltak samla. Ein ønskjer å gi oversikt over mangfaldet av overgangsarbeid i fylket. Oversikta er ikkje uttømmende på alt som blir gjort. Ungdomsskolane og dei vidaregåande skolane er ulike i storleik, og overgangsarbeidet blir gjort med lokale hensiktsmessige tilpassingar.

Dette heftet er for tilsette i kommunar og fylkeskommunen.

Eleven sitt beste er leiande for arbeidet, sjå [FNs konvensjon om barnets rettigheter](#). Udir og fylkeskommunen har laga malar og rettleiarar som sikrar at omsynet til eleven blir tatt hand om.

Har de spørsmål, ta kontakt med fylkeskommunen eller kommunen.

Kva seier Opplæringslova?

§ 9-5 Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa

Fylkeskommunen skal sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa. Kommunen skal samarbeide med fylkeskommunen om overgangen. Dersom eleven skal starte i ein vidaregåande skole som er godkjend etter privatskolelova, gjeld kommunens plikt i første ledd tilsvarende overfor den private vidaregåande skolen.

Prop.57 L (2022–2023) 40.11 Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa

...«Ein trygg og god overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring handlar mellom anna om at ungdommen og foreldre opplever overgangen som føreseieleg, og at ungdommen veit kva dei kan forvente når dei byrjar i vidaregåande opplæring.

Ein trygg og god overgang handlar også om at fylkeskommunen er førebudd på erfaringar ungdommane har med seg frå grunnskolen. For å oppnå dette bør fylkeskommunen legge til rette for ein god dialog som involverer ungdommane. I den grad ungdommane ønskjer det, bør også andre med erfaringsgrunnlag om ungdommen bli involvert...

...Kommunen skal samarbeide med fylkeskommunen om overgangen. Det blir sikta her til kommunen som skoleeigar. Samarbeidet kan innebere overføring av opplysningar, også personopplysningar...»

Desse paragrafane handlar også om overgangen

§ 9-6.Opplæringstilbod i overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa

§ 9-7.Tilbod om meir grunnskoleopplæring

Merk: Når det står foreldre, så er det foreldre og andre som har den daglege omsorga for eleven.

Førebuingar til vidaregåande opplæring

Fylkeskommunen og kommunen gjer førebuingar for alle elevane. Samarbeidet mellom grunnskolane og dei vidaregåande skolane startar før ungdommane sluttar i ungdomsskolen.

Opplæringslova seier at kommunane skal sørge for at elevane i grunnskolen får den rettleiinga dei treng om utdannings- og yrkesval. Opplæringslova seier også at elevane skal få den rådgivinga dei treng om sosiale og personlege forhold, som kan ha innverknad på korleis dei har det på skolen, [sjå opplæringslova §§ 16-1 og 16-2](#).

Her er ei oversikt over førebuingar som blir gitt til alle elevane, til dei med individuelle behov, og minoritetsspråklege.

Førebuingar for elevane i ungdomsskolen

Det er ulikt korleis skolane førebur elevane på vidaregåande opplæring. Elevane bør vere fagleg og sosialt budde på kva som ventar, og kva som blir forventa av dei når dei startar vidaregåande opplæring.

Laget rundt elevane består av mange fagpersonar: rektor, kontaktlærar, rådgivar, timelærar, sosiallærar, miljøarbeidar, miljøteam, PPT, helsesjukepleiar, barnevern, helsetenestene og andre som er med på å forberede elevane. Fagpersonane må starte arbeidet med overgang til vidaregåande opplæring for elevane så tidleg som mogleg.

Ein del elevar har behov for individuelle tiltak av ulike grunnar, til dømes; mobbing, rusutfordringar, svake norskerdigheiter, høgt skolefråvær og låge grunnskolepoeng. Det må arbeidast med førebyggjande tiltak der eleven, foreldra og skolen meiner det er nødvendig for at eleven skal bli klar for vidaregåande opplæring.

God karriererettleiing i grunnskolen vil vere med å motivere elevane til å arbeide godt og ta bevisste val av vidaregåande opplæring.

Skolen må ha god dialog med foreldra om vidaregåande opplæring. Informasjon om innsøking blir gitt til foreldra digitalt, i samtale og på foreldremøte.

Eksempel på tiltak i ungdomsskolar

LOS – Gossen barne- og ungdomsskole

LOS er ein miljøarbeidar som følger opp eleven når det er behov. Det kan være å følge opp eleven på skolen eller i fritida. Målet er å bidra til at eleven fullfører grunnskolen og er klar til å starte på vidaregåande opplæring.

Systematisk arbeid med nærvær – Frei ungdomsskole

Skolen registrerer fråvær nøye og følger opp. Skolen definerer kva som er bekymringsfullt. Dei gjer ei avrekning kvar månad og rapporterer det dei meiner er bekymringsfullt for den enkelte elev. Det er eleven sitt beste som er skolen sitt perspektiv. Tillit frå eleven, samtykke frå foreldre til oppfølging og samarbeid med vidaregåande skole, er viktig for å lykkast.

Skolen veit kva skole eleven har søkt og har indikasjonar på kor eleven skal starte i juni. Skolen nyttar eit eiga skjema i overgangsarbeidet. Kunnskapen om eleven og kva som har fungert på ungdomsskolen blir overlevert i møte med vidaregåande skole.

Utdanningsval

Det er ei eigen [Læreplan for utdanningsvalg på ungdomstrinnet \(UTV01-03\)](#). Elevane skal ha 110 timar fordelt på 8.-10. trinn.

Faget sin relevans: «Utdanningsvalg er et sentralt fag for å bidra til å gjøre elevene i stand til å ta gode utdannings- og yrkesvalg. Faget skal bidra til at elevene utvikler en trygg identitet

og til at de skal kunne ta valg ut fra egne interesser og forutsetninger. Gjennom arbeidet med faget skal elevene skaffe seg kunnskap om muligheter og krav i utdanningssystemet og i arbeidslivet. Faget skal bidra til at elevene utvikler kompetanse i å håndtere overganger, bidra til deltakelse og skape forståelse for sammenhenger mellom utdanning og jobbmuligheter.»

Karrieredagar

I samarbeid med aktører frå opplæring, næringsliv, kommunar og organisasjonar arrangerer fylkeskommunen kvar haust Karrieredagane. Målgruppa er elevane på 10. trinn i grunnskolen og andre som skal byrje i vidaregåande opplæring. Målsetninga med Karrieredagane er å gi kunnskap om lokalt og regionalt næringsliv og utdanningsmoglegheiter i Møre og Romsdal. For meir informasjon sjå [Karriererettleiing i skolen – Møre og Romsdal fylkeskommune \(mrfylke.no\)](https://mrfylke.no).

Hospitering i vidaregåande opplæring

Etter Karrieredagane skal elevane velje to utdanningsprogram dei ønsker å få meir kunnskap om. Møre og Romsdal fylkeskommune arrangerer hospitering på alle vidaregåande skolar to veker i november kvart år. Elevane hospiterer på den næraste skolen som har utdanningsprogramma dei har vald. Målsettinga er at hospiteringa skal bidra til at elevane tek eit bevisst og kunnskapsbasert val av vidaregåande opplæring. For meir informasjon sjå [Karriererettleiing i skolen – Møre og Romsdal fylkeskommune \(mrfylke.no\)](https://mrfylke.no).

Orientering til elevane om dei vidaregåande skolane sine tilbod

Fleire av dei vidaregåande skolane kjem til ungdomskolane i skoletida og orienterar elevane om sine tilbod i vidaregåande opplæring. Rådgivarar i fylkeskommunen med kompetanse om opplæring i bedrift kan kome til ungdomsskolane for å informere om moglegheitene innanfor yrkesfag og lærlingordninga. Målet er å gi informasjon som kan bidra til at elevane gjer gode, kvalifiserte val, slik at dei får ein god overgang og eit best mogleg utgangspunkt for å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Rettleiing om korleis søke vidaregåande opplæring – ordinært inntak

Elevane får informasjon og rettleiing frå tilsette i grunnskolen om søknadsfristar, korleis søke, og om tilbodet i vidaregåande opplæring.

- Elevane søker på vigo.no. Nettsida for søking opnar i starten av januar.
- Søknadsfristen er 1. mars.
- Meir informasjon på mrfylke.no og på vilbli.no.

Elevar med individuelle behov

Det er utarbeidd eit eige hefte, «Informasjonshefte – Tidleg inntak med fortrinn og individuell vurdering til vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal». Søknadsfristen er 1. februar. Ta kontakt med fylkeskommunen for å få heftet.

Før innsøking til tidleg inntak

Kommunane skal sende inn melding til fylkeskommunen innan 1. oktober om elevar i 10. trinn som vil søke om fortrinnsrett.

Rettleiing for søkarar til tidleg inntak

Elevar som søker om tidleg inntak, skal i tillegg til søknaden i VIGO, sende inn vedleggskjema. Ved å sende inn vedleggskjema ber dei om å få vurdert retten til individuelt tilrettelagt opplæring i vidaregåande opplæring.

Elevane skal fylle ut vedleggskjemaet med hjelp frå ungdomsskolen, vidaregåande skole eller anna hjelpeinstans. Det er avgjerande at skjemaet fyllast ut nøyaktig og riktig. Behova til søkaren må dokumenterast.

Det er utarbeidd eit eige hefte for hjelpeinstans som beskriv heile søknads- og inntaksprosessen. Her ligg også rutineane til PPT. Ta kontakt med fylkeskommunen for å få heftet.

PPT skal rettleie, utreie og skrive ei sakkunnig vurdering for elevane i ungdomsskulen som søker tidleg inntak til vidaregåande opplæring. Den skal beskrive kva for vanske eleven har, kva for tilretteleggingsbehov eleven har, og vurdering om retten til individuelt tilrettelagt opplæring. Den sakkunnige vurderinga skal vere ferdig innan 31.mai. Den vidaregåande skolen skal fatte enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring innan medio juni. Dette er for at elevane og foreldra kan førebu seg til skolestart i august. Fylkeskommunen skal kontaktast ved behov for avklaringar. [Sjå Opplæringslova §11-8](#) .

Besøk på vidaregåande skole før innsøking og inntak

Det kan leggst til rette for at elevar med individuelle behov kan besøke ein skole før innsøking til vidaregåande opplæring. Eleven eller ein medhjelpar må ta kontakt med skolen for å gjere avtale.

Elevane kan besøke skolen før skolestart for å trygge skolestarten. Elevane kan snakke med tilsette på skolen åleine, saman med foreldra eller andre.

Individuelle overføringsmøte

Den vidaregåande skolen tek initiativ til overføringsmøter for elevane som har søkt om tidleg inntak og har fått tildelt skoleplass på ein vidaregåande skole. I heftet «Informasjonshefte – Tidleg inntak med fortrinn og individuell vurdering til vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal», finn de meir informasjon. Ta kontakt med fylkeskommunen for å få heftet.

Igangsette tiltak i grunnskolen vidareførast når det er høveleg og kan gjennomførast.

Inntaksmøter med vidaregåande skole og PPT

Målet med møta er å gå gjennom ulike tema som er aktuelle for å sikre eit best mogleg samarbeid mellom fylkeskommunen, skolane og PPT. Døme på tema er pedagogisk rapport, utfordringar i skolen, diskusjonar rundt tolking av lovverk, PPT og skolen si rolle. Møtet gjennomførast når fylkeskommunen har oversikt over søkarane til det tidlege inntaket.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal samarbeide med og støtte skolane i det førebyggjande arbeidet for å gi eit inkluderande opplæringstilbod til elevane som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringa. Tenesta skal:

- a) Støtte og rettleie skolane i å greie ut behov for tilrettelegging av opplæringa og i å setje inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengst
- b) Hjelpe til med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling slik at opplæringstilbodet blir så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg.
- c) Der lova eller forskrift krev sakkunnig vurdering, er det PPT som skal utarbeide vurderinga. [Sjå Opplæringslova §11-13.](#)

Udir har kome med [«Veileder for tilpasset opplæring og individuell tilrettelegging»](#). Den utdjuar regelverket for individuell tilrettelegging (tidlegare spesialundervisning), men tek også føre seg tilpassa opplæring og prosessen fram mot at ein elev, lærekandidat eller voksen deltakar, får rett til individuell tilrettelegging. Dette blir eit viktig dokument i vidare arbeid knytt til tilpassa opplæring og individuelt tilrettelagt opplæring for mange ungdommar og vaksne.

Minoritetsspråklege elevar

Minoritetsspråklege elevar søker vidaregåande opplæring som alle andre. Dei kan starte på ein vidaregåande skole eller dei kan ta eit av dei to førebuande tilboda fylkeskommunen gir.

Opplæringstilbodet «Grunnleggande norskopplæring» (GNO) er eit tilbod for minoritetsspråklege mellom 16-18 år som nyleg har komne til Noreg og som ikkje har tilstrekkelege, eller ingen norskkunnskapar. «Jobbsjansen del B» eit tilbod om meir opplæring i grunnskolefag for dei som er mellom 16-24 år, og som beherskar norsk tilstrekkeleg til å følge opplæringa.

- Søknadsfristen for minoritetsspråklege elevar er 1. februar

Søkarar til vidaregåande opplæring skal sende inn skjema for minoritetsspråklege, og krysse av om dei har hatt enkeltvedtak om særskilt språkopplæring i grunnskolen. Elevane kan ha rett til særskilt språkopplæring. Særskild språkopplæring skal omfatte forsterka opplæring i norsk og, om det trengst, morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar, [sjå opplæringslova § 6-5](#). Dei vidaregåande skolane kartlegg og fattar vedtak om særskilt språkopplæring.

Grunnskolen rettleiar elevane og foreldra om kva som ventar elevane i vidaregåande opplæring. Det må nyttast tolk der det er nødvendig.

Fylkeskommunen inviterer kommunane til informasjonsmøte om regelverk og rutinar om inntaket. Meir informasjon om dei ulike tilboda, krav og søknadsfristar finn de på [Møre og Romsdal fylkeskommune sine nettsider](#).

Minoritetsspråklege søkarar er ein del av det ordinære inntaket.

Førebuingar for elevane og foreldra i ungdomsskolen

Det er viktig at foreldra og andre har kunnskap om vidaregåande opplæring, og deltek i overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring.

Informasjonsmøte for elevane og foreldra på ungdomsskolen

Fleire av dei vidaregåande skolane besøker ungdomsskolane på kveldstid for å presentere sine tilbod for elevane og foreldra. Rådgivarar i fylkeskommunen med kompetanse om opplæring i bedrift kan delta på desse møta for å informere om den delen av opplæringa som skjer ute i bedrift.

Open vidaregåande skole

Fleire av dei vidaregåande skolane inviterer elevane og foreldra til open vidaregåande skole på kveldstid. Nokre skolar inviterer også arbeidslivet til open skole, for å synleggjere kva for yrkesmoglegheiter opplæringa kan føre til. Skolar i same område må koordinere og samarbeide om tiltaket.

Digitalt orienteringsmøte for elevane og foreldra

Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer på hausten til eit digitalt orienteringsmøte om vidaregåande opplæring. Det er mogleg å stille spørsmål anonymt i chat i etterkant av møtet.

Rådgivarar, PPT og andre kan også gjerne delta. Det digitale møtet kan også være ein del av eit fysisk foreldremøte på skolen. Då kan foreldre og skolen direkte følge opp lokalt, det som det er orientert om i det digitale møtet.

Tiltak for rådgivarar, lærarar, PPT og hjelpeinstansar

Oppdatert kunnskap er nødvendig for dei som rettleiar elevane og foreldra, og som har ei rolle i arbeidet med overgangen mellom grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.

Her er ei oversikt over tiltak.

Rådgivarnettverket

Møre og Romsdal fylkeskommune driftar eit kompetansenettverk for rådgivarar i grunnskolen, rådgivarar i vidaregåande skole, rådgivarar i oppfølgingstenesta (OT), rådgivarar for læringar, vaksenopplæringa i kommunane, lærarar i faget utdanningsval, NAV-rettleiarar og andre som driv med sosialpedagogisk rettleiing og karriererettleiing.

Eit av måla er samarbeid på tvers av sektorar og nivå for ei best mogleg teneste til både unge og unge vaksne. Eit anna mål er kompetanseheving og kvalitetsutvikling. Fylkeskommunen legg til rette for både fysiske og digitale samlingar. Det blir utarbeid eit årshjul med aktivitetar.

Fylkeskommunalt psykolognettverk knytt til PPT

PPT har tilsett psykologar som skal arbeide med å gje skolane kompetanse til å bli ein helsefremmande skole, og som kan å legge til rette opplæringa på ein trygg og god måte for alle elevar. Psykologane skal arbeide tett med skolane samt gje PPT-rådgivarar kompetanseheving innan helsefremmande tiltak i skolen. Dei kan og bli nytta til

kompetanseheving som kurs, webinar og liknande, både til skolen sitt personale samt opplæringskontor og bedrifter.

Fylkeskommunal arbeidsgruppe for kvalitet i PPT

Arbeidsgruppa arbeider kontinuerleg med å sikre kompetansen til PPT, lage hensiktsmessige malar samt utarbeide retningslinjer for godt samarbeid mellom skole og PPT. Det skal utarbeidast ein rettleiar for korleis samarbeide i overgangen mellom ungdomsskolen og den vidaregåande skolen, når det gjeld elevar med bekymringsfullt stort fråvær. Den er planlagt ferdig våren 2025.

Orienteringsmøte om ordinært inntak til vidaregåande opplæring

Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer til digitale webinar om inntak til vidaregåande opplæring for rådgivarar, avdelingsleiarar, OT, NAV, barnevernstenesta, PPT, flyktingtenesta og vaksenopplæringa.

Orienteringsmøte for hjelpeinstansar om det tidlege inntaket

Føremålet er gjennomgang av gjeldande lovverk og rutinar rundt innsøking til vidaregåande opplæring. Det blir jobba med korleis hjelpeinstans kan bruke handlingsrommet i regelverket og korleis ein hjelper søkarane i innsøkinga. Dei digitale møta gjennomførast regionsvise. Deltakarar er rådgivarar frå ungdomsskole og vidaregåande skole, PPT, flyktingtenesta, vaksenopplæringa og andre kommunale hjelpeinstansar.

Oppstart i vidaregåande opplæring

Laget rundt elevane når dei kjem til den vidaregåande skolen består av mange fagpersonar: kontaktlærar, rådgivarar, avdelingsleiarar, PPT og andre som er med på gi elevane ein god overgang og start i vidaregåande opplæring. Skolane skal vere klare til å ta i mot elevane og det skal vere så føreseieleg som mogleg for elevane. Det er system på skolane som sørgjer for samarbeid til elevane sitt beste, til dømes klasselærarråd og ressursteam.

Inntaket er klart i byrjinga av juli. Da får elevane vite kor dei har fått tilbod om skoleplass.

Skolane sett saman klassane med den kunnskapen dei har om elevane. Skolane får tilgang på den informasjonen som er med i søknaden om vidaregåande opplæring. Skolane finn også informasjon om elevane i Qlik-sense skole app – Inntak, identifikasjon og planlegging (IIP). Kunnskapen nyttast til planlegging av tiltak ved skolestart, som skal gi trygge rammer for elevane.

Skolane gjennomfører samtale om fagleg utvikling, foreldremøte og foreldresamtale i samsvar med opplæringslova, [sjå opplæringslova § 10-8](#) og [forskrifta § 9-6 og 11-1](#).

Eksempel på tiltak skolane gjennomfører

- VIP-makkerskap
- [Livet og sånn](#)
- Informasjon til lærarar og elevane om normalitetsomgrepa, ved PPT
- Temakurs/dagar om; trivsel, mobbing, stress, søvn, politi, rus, identitet mm.
- Fellesaktivitetar; turar, frukost, temakveldar, spillkveldar, mm.
- Tiltak for å ivareta hybelbuarar

Eksempel frå skole

Nærværsteam ved Kristiansund vgs.

Elevtenesta ved Kristiansund vgs. har nærværsteam som arbeider med fråfall og negativ utvikling. Skolen har blant anna eit overgangsmøte med grunnskolen for å forberede overgangen til vidaregåande skole. Dei har møter med grunnskolane som forbereder den vidaregåande skolen på kva som bør bli tilrettelagt, for å trygge eleven sin kvardag. I møtet får dei kunnskap om elevane som skal gi elevane ein så god start som mogleg. Det kan vere informasjon om rusutfordringar, psykisk helse, skolemiljøsaker, skolevegring, radikalisering, med meir. Nærværsteamet Rådgivar opp elevane dei får kunnskap om, slik at dei kan få ekstra hjelp i overgangen.

Qlik-skole app – inntak, identifikasjon og planlegging (IIP)

Målgruppa for bruk av appen er skoleleiinga og rådgivarar. Formålet med appen er at skolen skal få ei tidleg oversikt over elevgruppa i inntaket til neste skoleår, for å kunne identifisere elevar som har behov for tilrettelegging og oppfølging. Appen kan også vere til hjelp for oppsett/deling av grupper/klasser.

Appen inneheld informasjon om elevgruppa som er relevant for å Rådgivar opp, den viser både gruppeoversikt og elevdetaljar. Ny opplæringslov stiller høgare krav til oppfølging av elevane, og appen er eit hjelpemiddel i dette arbeidet.

Det blir gjort individuelle tilretteleggingar i forbindelse med rusoppfølging og helseoppfølging. Det blir laga egne oppfølgingsavtalar.

Deling av informasjon

- Spørsmål om inntaket skal rettast til fylkeskommunen.
- Når inntaket er ferdig, får eleven ei inntaksmelding som fortel kor eleven har fått skoleplass.
- Ungdomskolane har tilgang på [VIGO Skole](#), som viser kor elevane har fått skoleplass.

Innhenting av opplysningar ved overgang

Fylkeskommunen behandlar personopplysningar frå grunnskolar når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter lova, [jf. opplæringslova § 25-1](#). Med oppgåver er det meint både plikter og oppgåver som kommunar, fylkeskommunar og lærebedrifter er pålagde, og med heimel i lova.

Fylkeskommunen kan hente inn dei personopplysningane som er nødvendige for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring, gjennomføre inntak til vidaregåande opplæring, førebygge frávær frå opplæringa og følge opp dei som er i målgruppa til oppfølgingstenesta.

Behandling av personopplysningar etter § 25-1 første til fjerde ledd kan også omfatte personopplysningar som nemnde [i personvernforordninga artikkel 9 og 10](#).

I forskrift til opplæringslova § 20-4 er det uttømmende regulert kva for personopplysningar som kan hentast inn om elevar frå grunnskolar:

- a) opplysningar om fullført eller ikkje fullført grunnskole
- b) halvårsvurdering med karakterar frå 10. trinn
- c) karakterar som blir førte på vitnemål for grunnskolen
- d) fråvær som blir ført på vitnemål for grunnskolen.

Fylkeskommunane har eit særskilt ansvar i arbeidet med å forhindre fråfall i vidaregåande opplæring. Å førebygge fråvær kan mellom anna handle om å tilpasse opplæringa for å auke moglegheita for at elevane fullfører den vidaregåande opplæringa. Det kan også omhandle rettleiing om val av utdanningsprogram, programfag og liknande, for å hjelpe eleven til å ta val som gir best høve til å fullføre den vidaregåande opplæringa. Dei oppgitte formåla fastset rammene for kva personopplysningar som kan behandlast etter leddet. Fylkeskommunane kan innhente personopplysningar for dei nemnde formåla både frå offentlege og private grunnskolar, og frå private skolar godkjende etter privatskolelova, [sjå Udir.no](#)

Meir at dersom skolane skal dele personopplysningar for å legge til rette opplæringa til ein elev, skal eleven samtykke til dette.

Vær merksam på at ungdomsskolane må informere foreldre om at informasjon dei ønsker skal bli gitt til ny skole, må delast i vedleggsskjema.

Ungdomsskolar kan ta kontakt med leiar av inntaksseksjonen når de har informasjon om elevar eller elevkullet som skal byrje i vidaregåande opplæring som er av betydning for overgangen, organiseringa og gjennomføringa av vidaregåande opplæring.

Deling av teiepliktige opplysningar

For spørsmål om deling av teiepliktige opplysningar, [sjå Tausehetsplikt, opplysningsrett og opplysningsplikt i forvaltningen – en veileder](#) (regjeringen.no).

Denne rettleiaren gir ei oversikt over reglar om teieplikt, personvern, opplysningsrett og opplysningsplikt i skolen. Rettleiaren viser og til ein del praktiske tilfelle, for eksempel kva opplysningar skolen kan dele med foreldre dersom eleven ikkje ønsker å dele, og kva for opplysningar som kan delast med andre.

Oppfølgingstenesta (OT)

Opplæringslova med forskrift regulerer arbeidet til OT. Alle som har rett til vidaregåande opplæring, er mellom 16 og 24 år og ikkje er i opplæring eller arbeid, får tilbod om oppfølging. Oppfølgingstenesta sikrar tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa. Oppfølgingstenesta skal formidle og samordne dei ulike tilboda. Alle i målgruppa blir kontakta, og får tilbod om oppfølging frå OT-rådgivar som har ansvaret i den kommunen ungdomen bor. Foreldra til ungdom under 18 år blir kontakta. [Sjå opplæringslova § 9-4](#).

Kommunedialog – samarbeid mellom kommunane og fylkeskommune

Fylkeskommunen inviterer kommunane til kommunedialog overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring. Formålet med møtet er eit godt samarbeid for at flest mogleg elevar skal fullføre vidaregåande opplæring.

Deltakarar er dei som har avgjerdsmynde i kommunane og fylkeskommunen.

Aktuelle tema kan vere;

- Roller, ansvar og oppgåver
- Korleis har det gått med tidlegare kull som har byrja i vidaregåande opplæring?
- Korleis gjekk førre års inntak?
- Samarbeid og behov for samarbeid?
- Nyttig statistikk henta frå Qlik-appen kommunedialog og andre Qlik-appar
- Evaluere samarbeidet



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no